



**DET KONGELEGE  
KOMMUNAL- OG REGIONALDEPARTEMENT**

*Statsråden*

Etter liste

Dykkar ref

Vår ref  
09/2098-2 SKO

Dato  
28 SEP 2009

**E-val 2011-prosjektet - Invitasjon til å søkja om deltaking i forsøk med elektronisk røystegjeving ved kommunestyre- og fylkestingsvalet i 2011**

Det er vedteke at det skal gjennomførast forsøk med elektronisk val i nokre utvalde kommunar ved kommunestyre- og fylkestingsvalet i 2011. E-val 2011 er eit spanande prosjekt som vil ha stor innverknad på demokratiutviklinga og valgjennomføringa i framtida. Forsøket omfattar uttesting av eit nytt, fullstendig valdatasystem og ei løysing for å røysta elektronisk. Staten skal eiga og drifta systemet.

Kommunal- og regionaldepartementet vil med dette invitera kommunen til å søkja om å delta i forsøket. Kommunen er vald ut på bakgrunn av tilbakemeldingar på ei spørjeundersøking tidlegare i haust, og vurdert opp mot ulike kriterium som motivasjon, kompetanse, storleik, geografi, kommunikasjon og infrastruktur.

**Dekning av kostnader**

Kostnader knytt til valdatasystemet, medrekna naudsynt maskinvare og nokre av kostnadene til eige personell i kommunen, vil verta dekte av departementet i forsøksperioden.

**Forventingar til kommunen**

Forsøkskommunane må setja av ressursar som kan hjelpa til med utarbeiding og testing av nye valrutinar, i tillegg til å gje prosjektet innspel til utforminga av det nye systemet. Det må òg reknast med ein innsats i forhold til planlegging, testing og innføring av valdatasystemet i eigen kommune. Departementet reknar med at arbeidet i høve til forsøkskommunane startar opp tidleg i 2010 og kommunen må setja av ressursar frå den tid.

Departementet legg til grunn at det ved ein eventuell motteken søknad, er gjort vedtak i kommunestyret om å delta i forsøket.

### **Kriterium for utveljing av kommunar**

Kommunane som vert valde ut til å vera forsøkskommunar, vil få høve til å testa ut eit fullstendig valdatasystem, i tillegg til forsøket med elektronisk røystegjeving ved valet i 2011. Departementet vil derfor berre velja ut forsøkskommunar som kan testa både valdatasystemet og elektronisk røystegjeving samstundes. I utveljinga vil vi mellom anna leggja vekt på kriteria som er nemnde ovanfor, og gjera ei samla vurdering av desse.

### **Evaluering**

Forsøket vil verta evaluert. Det er derfor ein føresetnad for å få delta at kommunen stiller seg velviljug til å gje opplysningar som er relevante for forsøket til den institusjonen som får i oppdrag å evaluera forsøket.

### **Frist for å søkja**

Fristen for å søkja er **6. november 2009**. Ver venleg og bruk søknadsskjemaet på [www.regjeringen.no/evalg-2011](http://www.regjeringen.no/evalg-2011).

Lukke til!

Med helsing

  
Magnhild Meltveit Kleppa

## Adresseliste:

Alta kommune	Sarpsborg kommune
Arendal kommune	Skiptvet kommune
Asker kommune	Sogndal kommune
Bamble kommune	Stange kommune
Bergen kommune	Stavanger kommune
Bodø kommune	Steinkjer kommune
Bremanger kommune	Stord kommune
Bærum kommune	Sørumsund kommune
Drammen kommune	Tynset kommune
Elverum kommune	Tønsberg kommune
Fjell kommune	Ullensaker kommune
Frogn kommune	Vefsn kommune
Førde kommune	Vestvågøy kommune
Gjøvik kommune	Øyer kommune
Gol kommune	Ålesund kommune
Hammerfest kommune	Åsnes kommune
Harstad kommune	
Haugesund kommune	
Hurum kommune	
Karmøy kommune	
Kongsberg kommune	
Kristiansand kommune	
Kristiansund kommune	
Larvik kommune	
Lenvik kommune	
Lund kommune	
Mandal kommune	
Melhus kommune	
Meløy kommune	
Midtre Gauldal kommune	
Namsos kommune	
Nøtterøy kommune	
Oppegård kommune	
Oslo kommune	
Porsgrunn kommune	
Radøy kommune	
Randaberg kommune	
Re kommune	
Rælingen kommune	
Sandnes kommune	